

Saksbehandler:

E-postadresse:

Direkte tlf:

Kopi til:

Vår dato: 16.10.2015

Deres referanse:

Deres dato:

Side 1 av 3

NVE
Postboks 5091 Majorstuen
0301 Oslo

FLÅRENDEN KRAFTVERK. OTRA KRAFT SIN MERKNAD TIL INNKOMNE HØYRINGSUTTALELSER

Det er kome inn 5 høyringsuttaelser til Otra Kraft sin konsesjonssøknad om bygging av Flårendsfossen kraftverk.

Vi har for oversikta sin skuld laga tabelloversikt over desse der Otra Kraft sin merknad til høyringsuttaelsane er vist i høgre kolonne.

Brev fra:	Dato:	Ekstern høyringsuttalelse:	Otra Kraft merknad til høyringsuttalelse:
Valle kommune	09.07.2015	Positive til utbygging, men krav til utbygger om å gjere tiltak for å oppretthalde vassstemperaturen i bade plass Marhyl.	Otra Kraft har fått laga eigen rapport om vassstemperatur etter kraftutbygging. Rapporten konkluderer med endring av vassstemperaturen på mindre enn 1 grad C. Rapporten vedleggast. Otra Kraft ser ikkje at det er trong for tiltak grunna den svært beskjedne temperaturendringa.
Direktoratet for mineralforvaltning DMF:	08.07.2015	DMF har ingen merkand	Ingen merknad.
Agder. Forum for natur og Friluftsliv	30.06.2015	Uttrykker bekymring for Byglandsfjordbleka og problemvekst av kripsiv. Meiner at utbygging av småkraftverk ikkje gjev stor nok samfunnsgevinst i forhold til inngrepa.	Bleka kan pr. dato ikkje passere dam Tjurrmo(Hekni kraftverk) som er fysisk hinder . Dam Tjurrmo er lokalisert ca 11 km nedstraums Flårenden kraftverk. Kripsiv er ikkje karakterisert som problemvekst på utbyggingsstrekninga i dag. Kripsiv blir etablert i rolige elvestrekningar der tilhøva for sedimentering er gode, noko som ikkje er tilfelle på

			utbyggingsstrekninga. Elvebotnen er for det meste tildekket av stein og fjell. Store deler av elvestrekninga blir dessutan botnfryst vinterstid, noko som reduserer krypsivveksten. Utbyggingsstrekninga er utilgjengeleg for folk flest slik at bruk av elvestrekninga til friluftaktivitet er nærast uaktuelt.
Fylkesmannen i Aust Agder	03.07.2015	Merknad til utbygging av Flårendsfossen kraftverk pga utbyggingsstrekninga inngår i ei elveparti som er prioritert innkalt til revisjonshandsaming i "vannforvaltningsplanen". Hevder at utbygginga har negativ effekt på bleka i Øvre Otra. Landskap og friluftsliv er ikkje godt nok utreda jfr deponering av 32000m3 steintipp	Otra Kraft kan ikkje sjå at revisjon av "vannforvaltningsplanen" kan gjere noko frå eller til på utbyggingsstrekninga, unnateke endring av minstevassføring. Vedkomande bleke-sjå merknad ovanfor. Friluftsliv blir etter Otra Kraft sitt syn ikkje påverka negativt i nemneverdig grad pga 32000m3 steintipp ved eksisterande skytebane. Det aktuelle området for tipp ligg i direkte tilknytning til skytebane som er i aktiv bruk og det eksisterande landskapsbildet er derfor ikkje urørt av tekniske inngrep. Otra Kraft ser det som positivt at lokal skytterforening har planer om samarbeid med Otra Kraft om etablering av leirdueskytebane på tippen.
Norges jeger og Fiskeforbund.(NJFF-Aust Agder)	15.04.2015	Skeptisk til virkning på leveområdet for fisk. Fare for mer krypsiv i Otra Innspill om at utbyggjar set av kr.50000 i fond til utsetting av fisk Kraftstasjon i lokal byggeskikk Alle linjer under jorda Dam i stadeigen stein	Vedr. bleke-sjå merknad ovanfor. Vedr. Aure: Otra er overbefolka av aure innanfor Valle kommune sine grenser. Otra Kraft påpeker at utbyggingsstrekninga er berre 1 km så Otra Kraft ser ikkje at dette har nemneverdig innverknad på det store bildet. Utbyggingsstrekninga er utilgjengeleg for folk flest slik at fiske er nærast uaktuelt her. Det er ikkje kjent at fiske på

			utbyggingsstrekninga blir utøvd pr. i dag. Otra Kraft er negativ til fond på kr.50000,-med bakgrunn i ovannemnde. Vedr. Krypsiv, sjå ovanfor. Lokal byggeskikk kan Otra Kraft ivaretake. 22kV kraftlinje bør byggjast som omsøkt,dvs luftstrekk ca 200m. Kraftlinja frå kraftstasjonen krysser Otra til påkoplingsmast på andre sida. Det er blottlagt fjell i dagen og 22kV kabel i fjellgrøft gjev uforholdsmessig stort inngrep og kostnad. Det skal ikkje byggjast ny dam. Eksisterande dam brukast uendra, men arrangement for minstevassføring må etablerast på høgre side av dammen i samband med eksisterande fisketrapp.
--	--	--	--

Med helsing
Otra Kraft DA


Reidar Ove Mork
Kraftverkdirektør


Gjermund Espetveit

Vedlegg: Rapport: Endringer i vanntemperatur nedstrøms utløpet av Flårendsfossen kraftverk på sommeren v/ Norconsult dat.01.09.2015.